

Saksprotokoll 18.06.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for kultur, idrett og integrering vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser at kulturbygg og andre arenaer for kultur er underfinansiert. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet om å prioriterer meir av midlane innanfor kultur til kulturbygg dei neste åra.
2. Vestland fylkeskommune sender fråsegna underfinansiering av kulturbygg til Kulturdepartementet ved kulturminister Abid Q. Raja og medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget med slike endringar:

Første avsnitt:

Vestland fylkeskommune ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer, og verknadene dette har for kulturlivet over heile landet. Vi ber Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja om å prioritere meir friske midlar samt prioritere meir av spelemidlane til kulturbygg i åra framover.

Siste avsnitt:

Vestland fylkeskommune ser det som ei viktig nasjonal kulturpolitisk oppgåve å vere med å finansiere arenaer for kultur. Vi ber kulturministeren om å endre på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg spesielt samt sjå på moglegheita for å få inn ei pott med friske midlar i statsbudsjettet til kulturbygg.